

# Protokoll frå styremøte Suldal IL



Møtenummer: 04/2019

Dato: 12.09.19

Tidspunkt: 20.00

Stad: Vinjar skule

Til stades: Jon Bråtveit, Øyvind Gjuvsland, Aslak Moe, Per Even Tjøstheim, Silje Færøy, Kari Havrevoll, Vidar Jørgensen Nærheim, Hege Hiim Steine og Kristine Bøe Berge.

Forfall: Alf Aadnøy

Andre til stades:

## **Sak 18/19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

- Innkalling godkjent utan merknadar.
- Sakliste godkjent utan merknadar.

## **Sak 19/19 Godkjenning av protokoll frå sist styremøte**

- Protokoll godkjent utan merknadar.

## **Sak 20/19 Orientering frå leiar v/Aslak Moe**

- Har jobba mykje med sponsorar, då fleire av dei har vore utgåande. Haugaland Kraft og Sparebanken Vest er settla. Ny søknad til Statkraft er og sendt.
- Sendt søknad om stønad til hjertestartar til Prestavikjo og Gullinghuset, samt fyrstehjelpskurs med fokus på hjertestartar i fondet «Hjertebank Sparebanken Vest». Skigruppa har og sendt inn eigen søknad om stønad til apparat til bruk i gymsalen.
- Jon tek ansvar for reforhandling med alle som har skilt rundt fotballbanen i Prestavikjo i løpet av året.
- Suldal IL har fått sponsa tur/løft med helikopter av Heliscan og transport av Suldal Transport for å få på plass ny turbenk på Stråpanuten. Takk!
- Aslak har vore i kontakt med Suldal Kommune vedkommande måling av gymsalen til neste år. Styret innstiller på at idrettslaget tek på dugnadsjobben.
- Mykje skrøyt frå eit framifrå arrangert arrangement under Suldalscupen.

## **Sak 21/19 Orientering frå kasserar v/Silje Færøy**

- Overgang til ny bank Sparebanken Vest er i prosess.
- Tid for medlemsfakturering. Kristine sender over liste over 1. og 2.klassingane til fotballgruppa, skigruppa og kasserar.

## **Sak 22/19 Orientering frå fotballgruppa v/Jon Bråtveit**

- **Aldersbestemt:**
  - Har vore med på Statkraftcup, Sentrumscup i Sauda, Suldalsserien og Suldalscupen.



- I tillegg har G10 vore med på Ryfylke Trelastcup, Tau og Hjelmelands Sparebankcup. Skal vera med på Macron-cup i Haugesund
- Miniknott: Tre lag – Dagfinn N. Havrevoll, Tom Gardsteig, Øyvind Gjuvsland
- Knott: Tre lag – Michal Karl, Ronny M. Rugland, Vidar J. Nærheim, Tommy Bevren-Hanssen
- Lilleputt: Tre lag – Neri Fisketjøn, Tommy H. Espe, Raymond Krog
- Ungdomsskule: Eit lag – Torjus Steine – vann Suldalsserien.
- 6-åringane har starta med trening. Første trening blei leia av Tom Gardsteig. Tore Vik og Lars Erik Dalva har treneransvar.
- Suldal IL arrangerer Suldalsserien og Suldalscupen 2019. Går godt. Cupen blei arrangert 7. september i strålande vær. Godt oppmøte, mykje skrøyt i etterkant. Godt jobba av økonomi og fotballgruppa.
- **Suldalsgutane- og jentene:**
  - Vår:
    - G14, spelar også i haust: Tor Arne Sigstad, Kristian Steine, Øyvind Marvik
    - G16: Arne Vatland, Torjus Steine, Isak Berge Espe – 2. Plass
    - J17: Ørjan Underbakke – 2. plass
  - Haust:
    - G14 held fram.
    - G16 og J17 gav seg pga flytting på spelarar. Fire gutar har meldt overgang til Sauda og juniorspel, eit par andre har meldt til andre klubbar. Resterande gutar har spele- og treningstilbod på G14 eller seniorlag. Jenter har trening- og speletilbod på G14, J15 og seniorlag.
    - J15 trenar, fekk ikkje stilla lag i serien pga full pulje. Mogleg deltaking på cupar i haust.
- **Senior:**
  - Damer er med i 4. div 11'ar. Petter Hoås er trenar. Vinn litt og taper litt. Litt lite folk til tider slik at ein ikkje får halde alle treningane. Måtte avlysa ein kamp. Reknar med å greia seg ut sesongen.
  - Herrer kjempar om opprykk, tre lag skiller seg ut i 6. divisjon. Arne Abrahamsen er trenar. Har greit med folk å ta av. Har sendt rapport til kretsen om brot på Fair Play på Brodd 3 – rasisme og usportsleg åtferd. Andre klubbar i divisjonen har gjort det same.
- Har fått 14 draktsett av Sparebanken Vest. Sand Sport har trykt, og fått alt ferdig til Suldalscupen. Skal ha ei skikkeleg markering av gåva når aldersbestemt skal ha sesongavslutning.
- Mari Indrebø er med på samlingene til J14 – Rogaland. Har spelt tre kampar.
- Har montert vasskrane på vaskehallen til Statkraft i Prestavikjo.
- Kiosken har fått nytt tak, takk til Dagfinn N. Havrevoll og Simmen Bratland.
- Øyvind Gjuvsland har målt opp areal rundt banen med tanke på kostnadsanslag asfaltering. Dersom heile området skal asfalterast må ein rekna med 5-600.000,- Prosjekt som treng skikkeleg budsjett og avtalar med eigar (kommunen). Må sjå dette saman med klubbhus, andre prosjekt i området.
- FKH-Akademiet tok kontakt med Suldal IL - fotballgruppa for å lufta interessa for eit samarbeid. Ønsket frå FKH var å gi eit tilbod om skolering for trenarar i aldersbestemte

klassar i Suldal kommune. Det ønska me sjølv sagt. Suldal IL er dermed administrator av eit fellesprosjekt for alle trenarane i kommunen.

- FKH kjem to gonger i året med kompetente trenar(ar) og held ei økt med teori og praktiske øvingar saman med trenarane. Aldersmålgruppa vil variera, i oktober skal me ha ei økt med fokus på dei minste. Første samling var i vår, der omlag 20 trenarar stilte. Gode tilbakemeldingar. Me får tilbod om å nytta treningsappen «Skillrace», der det ligg opplegg for treningar for alderstrinn 6 år og oppover.



#### **Sak 23/19      Orientering frå skigruppa v/Per Even Tjøstheim**

- Var med på «Aktiv i Suldal» med godt besøk hjå skigruppa.
- Har starta med rulleskitrening no i september, og for fyrste gang for 1.klassingane.
- Øyvind Røgenes hadde ei treningssamling i Erfjord før sommarferien for utøvarar frå 5.trinn og oppover. Både rulleski og styrkeøkt.
- Deltakarar på fleire rulleskirenn; Blinkfestivalen, Blink Classic, Lysebotn Opp og Sommarlandssprinten i Bø.
- Ei som blir med på KM i Kristiansand siste helg i september.
- Ingeborg Kristensen Hoftun går på Hovden Skigymnas og satsar den vegen.
- Øyvind Røgenes satsar vidare. Ikkje med på lag per no.
- Maria Lunde er med på HSG-U, ungdomslag på Hovden Skigymnas.
- Ein løpar deltakande på Sommarskiskule i Telemark, Thomas Bakka.
- Det vil bli sett opp skilt/oversikt over løypetrase i området mellom bygga på Gullingen no i haust/vinter. Skilta skal visa informasjon om bl.a. lengder og retning for traseane. Vil og bli markert nokre stader i løypa.
- Snøproduksjonsanlegg er finansiert frå fleire hald bl.a. Tippemidlar, men per no er det ikkje pengar som er klart til utbetaling. Prosjekt bli ståande i kø og Suldal IL har meldt ei førespurnad om å heva forskoteringspotten hjå Suldal Kommune. Den er heva med ca. 1 million. Kalkyle på del 1 er 3,2 millionar for å dekkja ut til 2 kilometeren (frå stadion og ut til 2 kilometeren). Manglar 4-500 000 for å koma i hamn på det. Skigruppa er i dialog med ein sponsor. Håpar å vere på plass med finansieringa til rundt juletider. Er og i dialog og undersøkingar i samband med drift og kostnadar knytt til dette. Håpar at prosjektet kan vere klart til vår 2020 og at det då er klart til årsmøtehandsaming ved nytt årsmøte.
- Ny runde med bestillingar av skidressar vil bli no i haust.

#### **Sak 24/19      Orientering frå økonomigruppa v/Kari Havrevoll**

- Kiosk og dugnad fungerer greitt.
- Organiseringa gjekk bra under Suldalscupen. Tek ein evaluering av cupen i ettertid, som vil bli nyttig neste gong me skal arrangera.
- Vurdera å halde ope kiosk enkelte helger i løpet av vintersesongen, då det er mykje folk i skiløypene. Kari tek dette i økonomigruppa.
- Innspel på å setja opp container for å samla tomflasker på Neikjen og ved Gullinghuset. Kari sjekkar dette vidare.
- Ein ser eit behov for årleg nedvask av Gullinghuset. Aslak sender ein e-post til Suldal Kommune v/Turid Vaage for å gjera ein avklaring på kven som har ansvaret og eventuell godgjerjing for arbeidet. Aslak sjekkar og dokumenta for eigarskap av Gullinghuset for å få på plass dette i arkivet.



**Sak 25/19 Orientering frå trimgruppa**

- Trimgruppa står føre eit møte no kor dei vil ta sjå på moglegheitene for å starta ein aktivitet/allidrett for dei som faller av ski/fotball når dei når eit vist aldersnivå.
- Har bygd ny bru i bydalen mtp. ny turløypa.

**Sak 26/19 Status Klubbhus Prestavikjo v/Aslak Moe**

- Har bidragsytarar som ynskjer å bidra inn i gruppa, men har ikkje fått på plass nokon som ynskjer å leia arbeidet. Øyvind sender ei førespurnad på kostnad for ein container, før ein bestemmer noko ytterlegare. Ynskjer me å gjera noko må ein nok uansett oppretta ei gruppe for arbeidet. Om ein ikkje lukkast med dette, må ein sjå på andre løysingar. Som ei mellombels løysing før ein eventuelt har fått noko på plass, opnar ein dørene i foajeen slik at spelarane får tilgang til toalett under trening og kamp frå neste sesong. Økonomigruppa v/Kari lagar ein rutine og dei får ansvar for låsing under kamp.
- Styret innstiller på at fotballgruppa v/Jon går i gang med litt enkel utbetring av trapp opp frå banen til gymsal, samt skoging. Jon snakkar med Sand skule i samband med skoging.

**Sak 27/19 Frivilligfest 2019**

- Dato for årets fest vert 23.november. Ny komité: Hege Hiim Steine, Silje Færøy og Alf Aadnøy.

**Sak 28/19 Ymse**

- Skulen melder frå om at rutinar for låsing i gymsalen må betrast. Opplev stadig at bygget står ulåst etter bruk. Om ikkje dette betrast må ein sjå på andre løysingar, t.d. vaktordning.
- Øyvind Gjuvsland sjekkar at alle trenarar har gyldig politiattest.
- Reiserekningsregulativ vart diskutert og vert teken opp som sak for å tydeleggjera praksis i neste årsmøte.

Suldalsosen, 12.09.19

Kristine Bøe Berge, skrivar